



Arvid Brakstad  
Vestbygdvegen 104  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1830 - 21/16928

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
25.03.2021

## Melding om forureining av grunn og bossbrenning på eigedom - gbnr 306/4 Brakstad ytre

**Tiltak:** Opprydding boss  
**Byggjestad:** Gbnr 306/4  
**Tiltakshavar:** Arvid Brakstad og Torhild Horghagen

Alver kommune har den 22.02.2021 og den 19.03.2021 motteke bekymringsmeldingar med informasjon om at det ligg mykje boss og flyt, og at det er observert bossbrenning på eigedommen dykkar, med adresse Vestbygdvegen 104 , 5919 Frekhaug. Det er ikkje blitt informert om kva type boss det dreier seg om, men ut i frå bilete som er sendt inn til kommunen, ser det ut til å vere mykje plast. Kommunen vil gjere dykk merksam på at det er ikkje tillatt å brenne anna enn reint trevirke utomhus. Plastemballasje skal leverast til godkjent mottaksordning for dette. Gjenstandar laga av plast kan kastast i restavfallet.

Det er etter forureiningslova § 28 første ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet».

Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28 tredje ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen. Vi ber difor om ei tilbakemelding om:

- tilhøva på staden
- plan for vidare skadebegrensande tiltak basert på omfanget av forsøplinga og effekten av iverksatte tiltak

**Frist for tilbakemelding vert sett til 25.04.2021.**

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å rydde opp, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skriftleg tilbakemelding med biletedokumentasjon om at området er rydda, sendast til:

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48.
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27.
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1830.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arvid Brakstad	Vestbygdvegen 104	5919	FREKHAUG
Torhild Horghagen	Vestbygdvegen 104	5919	FREKHAUG